



www.stadskipstunnel.no

Stad Skipstunnel Prosjektet

Co Vanylven vekst KF
PB 50, 6139 Fiskåbygd

Vyrde tunnelforkjemparar!

Enno eit år går mot endes, og det 130 år gamle prosjektet med Stad skipstunnel er no sendt ut på ei ny høyringsrunde.

Vi har no ein sjanse til å kunne få fram alle dei argumenta som skal til for å overtyde styresmaktene om at ein skipstunnel vil gi svært mykje for miljøet, næringslivet og regionen - i tillegg til tryggleiken for dei sjøfarande og dei som sit heime.

Dei neste månadane må vi bruke aktivt for å få fram alle innspel og argument som trengs for å få fram det magiske talet på kost/lønsemd - slik at ein kan bevise ein gong for alle at dette er eit svært godt prosjekt for landet.



I siste utgreiing var det mange tal som ikkje var korrekte når det galdt lastemengda (volum), reiselivet var nemd berre i ei bisetning, region og næringsbehovet var lite konkret - og miljøargumentet med flytting av varetransport frå veg til sjø var lite framme. Elles må vi også få lov til å nemne at samferdslestyresmaktene må sjå heilskapen i samferdsla - når ein no skal vurdere for og mot Stad Skipstunnel.

Det er mange gode krefter som har stått på dette året, og vi er takksame for alle som har bidrege - med stort og smått.

Mykje har vi fått til - med eigen konferanse, mange nyttige dialogar med styresmaktene, politiske miljø og Kystdirektoratet, ei rekkje møter og framsyningar av Stad Skipstunnel-filmen, har bidrege til at prosjektet har vorte kjent - og viktige aktørar har fått innsikt i utfordringar og muligheiter.

Likevel - vi treng hjelp frå deg, og alle krefter - store eller små - må nyttast framover.

Prosjektgruppa, med Fylkesordførar Jon Aasen i Møre og Romsdal, Fylkesordførar Nils R Sandal i Sogn og Fjordane, ordførar i Selje, Gunn Helgesen og ordførar Jan Helgøy i Vanylven takkar alle for innsatsen - og også vi i prosjektleiinga, Ståle Olsen i Selje vekst og underteikna - sender julehelsing til alle - og lovar innsats også i det nye året.